

# Flåværléia fram i lyset



Siglar du nord om Stadlandet vil du sjå Svinøy fyr som gjev landkjenning. Innanfor ligg Flåvær fyr som syner innseglinga til ei viktig farlei. Flåværléia har i uminnelege tider vore den viktigaste siglingsleia for fartøy som kjem inn frå eller skal ut på Stadhavet.

Tekst: Frode Pilskog, Dalsfjord fyrmuseum

Flåværléia har eit skjerma farvatn, gode naturhamner og eit mangfald av maritime installasjonar som sørger for trygg ferdsel både for store og små fartøy. Hurtigruta passerer gjennom leia kva einaste dag, heile året. I eit av dei mindre fartøya har to museumsfolk sigla omkring og dokumentert spor etter maritime installasjonar og kulturminne.

Sunnmøre Museum meiner at kystkultur best haldast i hevd ved at kulturminne og kulturmiljø vert formidla og synleggjort på ein måte som kan gi grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping.

## Representativt område

Kystverket har plukka ut Flåværléia som eit representativt område i sin Landsverneplan for maritim infrastruktur. Dette er grunna i at Flåværléia har eit mangfald av maritime installasjonar og eit mangfald av historier.

Arbeidet med å dokumentere og formidle kystkultur i Flåværléia er ein del av 2014-markeringa til Stiftinga Sunnmøre Museum. Arbeidet vert utført i samarbeid mellom fleire avdelingar i stiftinga. Dokumentasjonen av leia vert utført i samarbeid mellom Dalsfjord Fyrmuseum og Herøy Kystmuseum. Herøy Kystmuseum ligg midt i leia og fokuserer på båtar og kystkultur.



I 2013 har vi registrert 175 kulturminne. Av desse er 125 navigasjonsinstallasjonar som fortøyringsringar, varpestolpar, bøyer, vardar og fyrlykter. Elles registrerer vi spor etter loshistoria, hamner og restar etter handelstadar og kyrkjestadar. Dei fleste av kulturminna er ikkje registrert i dagens oversikter, så arbeidet gjev ei ny innsikt i omfang og forståing av leia si kulturhistorie.

## Losane

Når ein før i tida passerte det berykta havstykket rundt Stad kunne losane på Sandsøya eller Skorpa vere blant dei første som oppdaga fartøyet. I konkurranselosinga si tid var det om å gjere å kome først fram til fartøyet for å få oppdrag.

I Hellandsvågen på Sandsøya står naustet til losane. Ein av losbåtane er og teken vare på. På øya Skorpa finn ein kikarsteinen der losane held utkikk etter fartøy som runda Stad. Konkurransen i opne båtar var hard både for losane og losgutane som skulle føre losbåten heim. Den siste losen forlet Skorpa i 1924 og vart los i Ålesund. Øya var seinare ein viktig stad i det norske motstandsarbeidet under andre verdenskrig. Medan dei fleste gøymestadar berre kunne nyttast i sju-åtte månadar, så vart Skorpa nytta under heile krigen. Sommarfjosen var skjulestad både for folk som skulle smuglast ut og for agentar som skulle inn. Blant gjestane i fjosen var blant anna Shetlands-Larsen med mannskap.

## Flåvær

På sjølve Flåvær står fortsatt dei store bygningane etter handelstaden. Ein av handelsmennene her møtte i si tid fyrdirektor Carl Diriks (Fyrdiriks). Handelsmann Wiig fortalte at då han flytta til Flåvær i 1841 var der ingen fortøyringsringar. Det kunne vere få fartøy der, medan Herøy hamn var pakkfull.

Nokre år seinare vart det sett ned «fæstigheter» og sidan den gong har Flåvær vore mykje nytta både som venterhamn og som fiskehamn. Tidfestinga handelsmannen gjev er ikkje tilfeldig. Stortinget vedtok i 1838 ei statleg utsetting av fortøyringsringar og pælar langs kysten. Arbeidsfolk frå Dalsfjord og søre Sunnmøre sigla i sunnmørsåttringar og sette opp sjømerke. Fortøyringsfesta fortel ikkje berre ei

historie om båtar og folk som skal vere trygge. Dei fortel om moderniseringa av Norge og samfunnsutviklinga gjennom å sørje for trygg ferdsel sjøvegen, samt trygge hamner og fyr både for fiskarar og folk flest.

## Formidling i leia

Det nyttar ikkje å stirre på boltar og tru at dei fortel ting i seg sjølve. Stiftinga Sunnmøre Museum ønskjer å utvikle og gjennomføre kulturformidling i leia. I 2014 vil museet utvikle eit formidlingsopplegg for skuleklasser. Historia om leia skal formidlast i leia. Vi ønskjer at ungdommar skal få eit direkte møte med sentrale stadar langs leia. Dei vil få ein dag i leia med arbeid, fortellingar og erfaringar. Elevane vil vere aktive deltakarar og prøve seg i båt og lære om ulike handverk knytt til båten. Dei vil og få høyre historia om leia og kysten si betydning i nasjonsbygginga.

Når 2014 er over har ein utvikla opplegg som kan køyrast i åra som kjem, både i Flåværléia men og andre stadar.

Formidlinga vil også gjerast digitalt. Eit utval av registreringane vert gjort tilgjengelig på portalen [www.kystreise.no](http://www.kystreise.no). Kystreise.no er Kystverkmusea si felles 2014 markering og er ein portal for digital formidling. I løpet av 2014 skal bilete, tekst og filmsnuttar vere tilgjengeleg for alle med pc, mobiltelefon eller nettbrett. Du kan sjølv velje om du vil sitje heime eller ta deg ein seilas.

